



Innkalling  
av  
Valstyret

**Møtedato:** 05.03.2015  
**Møtestad:** Hagellia 6  
**Møtetid:** 12:00 - 13:00

Eventuelle forfall må meldast til Tove Mette Arnø Fyllingen per tlf. 56 37 51 75, sms til 474 64 145 eller per epost til [ftm@lindas.kommune.no](mailto:ftm@lindas.kommune.no)

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

**Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
001/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/15	Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015
003/15	Kommunestyre- og fylkestingsval 2015 - Manntal
004/15	Mottak av førehandsrøyster
005/15	Vallokala i Lindås kommune

24. februar 2015

Astrid Aarhus Byrknes  
ordfører

Tove Mette Arnø Fyllingen  
møtesekretær

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
001/15	Valstyret	PS	05.03.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	15/658

## Godkjenning av innkalling og saksliste

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**  
Innkalling og saksliste vert godkjent

**Saksopplysningar:**

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
002/15	Valstyret	PS	05.03.2015
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	14/3478

## Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune held kommunestyre- og fylkestingsval på fastsett dag, måndag 14. september 2015.

Vallokala held ope frå kl.12:00 – kl.20:00

Det vert gjeve delegert mynde til valstyret og administrasjonen som vist i saksutgreiinga.

.....

#### Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i valstyret  
Saka skal avgjerast i Kommunestyret

**Valdagen** for kommune- og fylkestingsvalet 2015 er fastsett til måndag 14.september.

Med heimel i vallova § 9-2 kan kommunestyret sjølv, med tilslutning frå minst 1/3 av medlemene, gjera vedtak om at det på ein eller fleire stader i kommunen skal haldast val og sundag før den offisielle valdagen.

Det har ikkje vore avvikla val over 2 dagar i Lindås kommune.

Ut frå erfaring kan ein ikkje sjå at det er nødvendig med meir enn måndag 14. september som valdag.

Ved stortings- og sametingsvalet i 2009 gjorde kommunestyret vedtak om endring av

opningstida i vallokale.

Tidlegare var lokala opne frå kl. 14:00 – 20:00, i 2009 vart dette endra til kl. 12:00 – 20:00.

## **Valstyre**

Lindås kommunestyre har vedteke at valstyret er formannskapet utvida med representant frå dei partia som er i kommunestyret, men ikkje i formannskapet. I denne perioden er alle partia representert i formannskapet.

Kommunestyret kan delegere mynde til valstyret slik at valstyret kan gjere vedtak om gjennomføring av oppgåvene i samband med valet.

I samband med valet er det ein rekkje praktiske oppgåver som skal gjennomførast.

Dette gjeld m.a.tinging av materiell, røystesetlar og stempel.

Administrasjonen kan få mynde til å utføre oppgåver som dette, som ikkje er av prinsipiell karakter.

## **Listeframlegg**

Etter vallova er frist for innlevering av listeframlegg kl. 12:00 den 31.mars i valåret,

tidspunkt for tilbakekalling av listeframlegg er kl. 12:00 den 20.april.

Listeframlegga skal leggest ut til ettersyn etter kvart dei kjem inn.

Valstyret skal godkjenne listeframlegga innan 1.juni.

Når listeframlegga er godkjende skal valstyret legge dei ut til offentleg ettersyn og kunngjera overskriftene på dei godkjende listene.

.....

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
003/15	Valstyret	PS	05.03.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	14/3478

## Kommunestyre- og fylkestingsval 2015 - Manntal

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Manntalet vert lagt ut til offentleg ettersyn på biblioteket i Knarvik, Kiwi på Lindås, Rema 1000 på Ostereidet og ekspedisjonen på rådhuset i veke 28, så snart som mogeleg etter 30.juni, og fram tom valdagen.

Kunngjering om tid og stad for utlegging av manntala vert i avisa Nordhordland, fulldistribusjonen 17. juni og på heimesida til kommunen.

.....

#### Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i valstyret

#### Bakgrunn

For å kunne røysta ved kommunestyre- og fylkestingsvalet må veljaren vera registrert i manntalet i ein kommune. Valstyret er ansvarleg for at det vert ført manntal over alle personar med røysterett i kommunen.

Veljaren er manntalsført i den kommune ho/han var folkeregisterført som busett 30.juni i valåret.

Folkeregisteret er grunnlaget for manntalet.

Valstyret skal legge manntalet til offentleg ettersyn så snart det let seg gjera. Manntalet skal liggja ute til og med valdagen.

Manntalet kan ikkje leggjast ut på internett, jf.folkeregisterlova § 13.

Valstyret kunngjer tid og stad for utlegginga med opplysningar om korleis ein kan krevja feil

retta.

**Vurdering**

.....

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
004/15	Valstyret	PS	05.03.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	14/3478

## Mottak av førehandsrøyster

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I tida 10.august til og med 11.september 2015 skal biblioteket i Knarvik, på Lindås og ekspedisjonen på rådhuset vera mottak for førehandsrøyster til kommunestyret- og fylkestingsvalet 2015.

Mottak av førehandsrøyster vert på fylgjande institusjonar:

- Lindås- bu og servicesenter
- Såta bu- og servicesenter
- Knarvik sjukeheim
- Ostertunet

Det vert og mottak av førehandsrøyster på Mongstad.

Søknad om førehandsrøysting der ein bur må vera valstyret i hende innan 8.september.

Tid og stad for førehandsrøyster vert kunngjort i avisa Nordhordland 17.juni og 2.september.

.....

## Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i valstyret

Veljarane skal kunna førehandsrøysta i perioden 10.august til og med 11.september 2015.

Etter endring i vallova i mai 2009 vert det og opna for at det skal vera mogeleg og førehandsrøysta allereie frå 1. juli. Dette er meint som eit tilbod til veljarane som verken kan røysta ved den ordinære førehandsrøystingsperioden eller på valdagen. Veljarane må då henvenda seg til kommunen og gjera avtale om tid og stad for førehandsrøystinga.

Kommunen har ansvaret for tilrettelegginga av mottak av førehandsrøyster.

Ved dei siste vala er det biblioteka i Knarvik og på Lindås i tillegg til rådhuset som har tatt imot desse.

Ved stortingsvalet 2013 var det mottak av førehandsrøyster i Lindås senter grunna flytting av biblioteket på Lindås i perioden.

Biblioteket i Knarvik skal byggast om og malast i sommar, det er ikkje fastsett om dette er utført til 10.august.

Biblioteket på Lindås, i Lindåshallen, er bemanna med ein person måndag kl. 14:00 – 19:00 og torsdag kl. 13:00 – 16:00.

Etter vallova skal det vera to personar tilstades ved førehandsrøystinga, det må takast inn ekstrapersonell i denne perioden på begge biblioteka.

Ved vala 2009, 2011 og 2013 har det og vore mottak av førehandsrøyster på Mongstad.

Det skal og vera mogleg å førehandsrøyste ved helse- og sosialinstitusjonane (§ 8-3 pkt.2)

Helse- og sosialinstitusjonane i Lindås kommune er:

Lindås bu- og servicesenter

Såta bu- og servicesenter

Knarvik sjukeheim

Det kan og verta tatt imot førehandsrøyster heime hjå personar som bur i trygde eller omsorgsbustad som har tilknytning til institusjonane.

Det har tidlegare og vore mogleg å førehandsrøyste ved Ostertunet.

Veljare som grunna sjukdom eller uførleik ikkje kan røysta etter §8-3 pkt 2 kan etter søknad til valstyret førehandsrøyste der dei bur. Søknad må sendast valstyret innan den frist dei har



bestemt innafor perioden mellom tysdag og fredag siste veka før valet.

Valstyret skal kunngjere tid og stad for mottak av førehandsrøyster.

.....

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/15	Valstyret	PS	05.03.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	14/3478

## Vallokala i Lindås kommune

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Vallokala i Lindås kommune vert som tabellen i saksutgreiinga viser.

.....

### Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i valstyret

KRINS	RØYSTELOKALE	ANTAL MEDLEMMAR I RØYSTESTYRET (2013)	LEIAR 2015
01 OSTEREIDET	Idrettsbygget	8	Sneinung Toft
02 KLØVHEIM	Kløvheim skule	5	Kjell Åge Bjørnevoll
03 MYKING	Myking skule	5	Finn Y.Stedal
04 EIKANGER	Eikanger skule	6	Brede Hodneland
05 FESTE	Myksvoll grendahus	5	Per Rune Klementsén
06 SKODVIN	Skodvin skule	5	Rune Ones
07 LINDÅS	Lindås barneskule	10	Terje Fauske
08 LEIKNES	Leiknes skule	7	Gunnar Angelskår
09 ALVERSUND	Alversund skule	13	Jorunn K.Fosse
10 SEIM	Seim skule	8	Arne Johan Espeland
11 KNARVIK	Knarvik barneskule	11	Audun Stusdal

I tabellen ligg det endring av vallokala i Feste og Seim krins.

Tidlegare har Festo skule vore vallokale i Feste krins og Strilatun var vallokale i Seim krins.